UTDANNINGS FORBUNDET
Hjelmeland

ÅRSBERETNING 2023

UTDANNINGSFORBUNDET HJELMELAND

Utdanningsforbundet Hjelmeland er eit lokallag under Utdanningsforbundet som er ein partipolitisk, uavhengig fagforeining for pedagogisk personale innafor alle utdanningsnivå. Lokallaget held til i Hjelmeland og blei etablert 01.01.02. Medlemstalet i Utdanningsforbundet Hjelmeland var pr. 31.12.23: 118. Det er tre medlemmer fleire enn året før. Styret i lokallaget har lagt føresetnaden om framleis drift til grunn for avlegginga av årsrekneskapen.

I 2023 har me hatt seks styremøte i tillegg til årsmøtet. Lokallagsleiar, hovudtillitsvald og arbeidsplasstillitsvalde har delteke på kurs i regi av fylkeslaget. Leiar og kasserar i styret deltok på fylkesårsmøtet i mai. I haust hadde me eit større medlemsarrangement til Stavanger konserthus.

I 2023 har me ikkje hatt frikjøp av tillitsvalde utover 24% sentralt for lokallagsleiar.

Lokallaget har ikkje eige kontor da leiaren har hatt eige heimekontor i gjennomsnitt nokre få dagar i månaden. Ut frå den avgrensa bruken har kontoret tilfredsstillande fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Utdanningsforbundet Hjelmeland har ingen tilsette. Sjukefråværet blant dei tillitsvalde er lågt. Det har ikkje vore skadar og ulykker knytt til verksemda i 2023.

Dei tillitsvalde i styret og på arbeidsplassane er kvinner, men Utdanningsforbundet Hjelmeland har som mål å vere ein arbeidsplass der det rår full likestilling mellom kvinner og menn.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet og framtidsutsiktene for organisasjonen er gode.

Hjelmeland, 10. april 2024

Leiar

Sigrund Mosnes

Sigrund Mosnes

Nestleiar

Kathrine Mikalsen

Kathrine Mikalsen